

Høyringsuttale - forskrift for tilskot til frivilligsentralar

Saksbehandler: Erik Vangsnes	Arkivkode: FA-F08, TI-&13
Arkivsaksnr: 21/6459	JournalpostID: 21/57633

	Bjørnafjorden formannskap	
--	---------------------------	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden formannskap meiner det er viktig at frivilligsentralane i Noreg får føreseieleg økonomi og fastlagte rammevilkår i form av ei oppdatert forskrift. Frivilligsentralane er viktige møteplassar og aktivitetsskaparar i nærmiljøa våre.

Med bakgrunn i innspel frå styra i frivilligsentralane i kommunen, meiner formannskapet at modell 1 for framtidig finansiering, er den beste. Modellen tryggar tilbodet i mindre kommunar og gjev føreseielege økonomiske rammer for drifta.

Samandrag av saka:

Kulturdepartementet har sendt ut til høyring forslag til ny forskrift om tilskot til frivilligsentralar. Høyringsfrist er 12. november 2021.

Fram til 2017 blei tilskota til frivilligsentralar fordelt over Kulturdepartementet sitt budsjett. I 2016 vedtok Stortinget at ansvaret for tilskot skulle overførast til kommunane som ein del av oppgåveoverføringa i kommunereforma. I ein overgangsperiode på fire år blei tilskota fordelt i rammetilskotet til kommunane med særskild fordeling til frivilligsentralar. Frå 2021 skulle tilskota inngå i innbyggartilskotet.

I forslag til ny forskrift er 4 ulike modellar vurdert. Kommunedirektøren støttar seg på dei lokale frivilligsentralane si vurdering, og går inn for ei ordning med faste tilskot per sentral slik vist i modell 1. Kommunedirektøren meiner det er positivt og uproblematisk at det blir forskriftfesta gratis bruk for lokale lag av møtelokala i frivilligsentralen, slik praksis har vore til no.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Den statlege forskrifta om tilskot til frivilligsentralar vil virka inn på rammevilkåra for framtidig drift av dei lokale frivilligsentralane og budsjetta for Bjørnafjorden kommune på dette feltet.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Frivilligsentralane spelar ei viktig rolle folkehelsepolitikken i Bjørnafjorden kommune med sine tiltak og aktivitet.

Bjørnafjorden, 08.10.2021

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Saksframlegg:

Kulturdepartementet har sendt ut til høyring forslag til ny forskrift om tilskot til frivilligsentralar. Høyringsfrist er 12. november 2021.

Frivilligsentralane oppstod som eit prøveprosjekt i 1991. I dei 30 åra som har gått er det blitt 881 sentralar i 313 kommunar. 43 kommunar har ikkje frivilligsentral.

I Bjørnafjorden er det to sentralar. Fusa frivilligsentral er eigd av Fusa sokn og får årleg statstilskot utbetalt gjennom Bjørnafjorden kommune på kroner 440.000 (2021). I tillegg får sentralen eit kommunalt driftstilskot på kroner 285.000.

Os frivilligsentral er eigd av Bjørnafjorden kommune og er organisert som ein aktivitet under kultureininga. Begge sentralane har eigne styre.

Fram til 2017 blei tilskota til frivilligsentralar fordelt over Kulturdepartementet sitt budsjett. I 2016 vedtok Stortinget at ansvaret for tilskot skulle overførast til kommunane som ein del av oppgåveoverføringa i kommunereforma. I ein overgangsperiode på fire år blei tilskota fordelt i rammetilskotet til kommunane med særskild fordeling til frivilligsentralar. Frå 2021 skulle tilskota inngå i innbyggartilskotet.

Dette vart det reaksjonar på. KS meinte at kommunane skulle forvalta tilskota, men var motstandar av at tilskota skulle fordelast etter innbyggartal åleine. Det ville gje eit markant mindre tilskot til små kommunar. Organisasjonen Norges frivilligsentraler ville at tilskota skulle fordelast som ein fast sum per sentral.

Stortinget gjorde slikt vedtak 17.juni 2020 (vedtak nr. 724):

"Stortinget ber regjeringen sørge for at finansiering av frivilligsentraler overføres til et øremerket tilskudd på Kulturdepartementets budsjett fra 2021 for å sikre finansiering til frivilligsentraler i både små og store kommuner."

Dette er bakgrunnen for at det no kjem eit forslag forskrift på høyring der vi får politikken på dette feltet fastlagt.

I utgangspunktet har departementet 4 ulike modellar som har vore til diskusjon:

Modell 1

Fordeling etter same prinsipp som før 2017 – eit fast beløp per frivilligsentral. Denne ordninga er enkel, ubyråkratisk og godt kjent. Ei slik fordeling sikrer at alle eksisterande frivilligsentralar fortsatt kan rekna med tilskot til vidare drift.

Modell 2

Fordela tilskuddet til kommunar etter innbyggartal, men øyremerka tilskotet til frivilligsentralar. Denne ordninga er òg enkel og ubyråkratisk, men ein del kommuner vil få eit tilskot som ligg langt lågare enn tidligare tilskot for ein frivilligsentral. Ei slik fordeling krev at kommunen eller andre stiller med ein betydelig større eigendel for å finansiera ein frivilligsentral. Ei slik fordeling vil være i strid med intensjonen i Stortingets vedtak.

Modell 3

Gje ein minstesats til alle kommunar med minst én frivilligsentral. Minstesatsen skal, saman med lokal finansiering, dekkja utgifter til ein sentral, og vera på samme nivå som tidligare tilskot per frivilligsentral. Resten av ramma blir fordelt likt på alle landets eksisterande frivilligsentralar. Ei slik fordeling sikrar drift ved eksisterande frivilligsentralar, men kan opplevast urettferdig for dei kommunane som i dag har relativt lågare dekning av frivilligsentralar i sin kommune. Likt modell 1 vil oppretting av nye frivilligsentraler føre til press på ordningen.

Modell 4

Gje ein minstesats til alle kommunar med minst ein frivilligsentral. Minstesatsen skal dekkja utgifter til ein sentral, saman med lokal finansiering, og vera på omlag same nivå som tidligare tilskot per frivilligsentral. Resten av ramma blir fordelt likt etter innbyggartal, men tilskotet blir øymerka frivilligsentralen(-ane). Ei slik fordeling gjev ei mer lik fordeling av tilskot per innbygger, men sikrar framleis eit tilbud om frivilligsentral i alle kommuner.

Kulturdepartementet vurderer modell 1 eller modell 4 som best. Modell 1 er særskild lik dagens fordeling, medan modell 4 inneber større endringar. Desse to alternativa er referert i framlegg til forskrift.

I forskrifta er det i **§ 8 Gratis utlån av frivilligsentralens lokaler** forslag om ei regulering av tilgang til lokala frivilligsentralane der desse skal stillast til fri bruk for lag og organisasjonar når det er ledig kapasitet.

Høyringsframlegget har vore til drøfting i styra for frivilligsentralane, både Os frivilligsentral og Fusa frivilligsentral. Dei er samstemte på at modell 1 er å foretrekka. Sjå vedtak i styret for Fusa frivilligsentral i vedlegg. Det går òg fram av uttalen frå Norges frivilligsentralar, sjå vedlegg.

Vurdering

Det er viktig at vi får ein forutsigbar økonomi for dei lokale frivilligsentralane i Bjørnafjorden. Vi har to velfungerande sentralar og ser at det er viktig å oppretthalda to sentralar i kommunen i åra som kjem grunna store geografiske avstandar. Begge sentralane har opparbeida velfungerande nettverk og gode tiltak i nærmiljøa.

Det viktigaste spørsmålet i saka er vektinga står mellom dei ulike modellane for finansiering av sentralane. Det står mellom modell 1 og 4. Modell 4 vil truleg gje eit noko mindre tilskot for Bjørnafjorden kommune enn modell 1. Informasjon som ligg i vedlegget frå Fusa frivilligsentral tilseier at statstilskotet etter modell 4 kan bli kroner 579.000, mot kroner 840.000 i dag. Samanslegne kommunar etter kommunereforma vil koma svekka ut etter modell 4.

Modell 4 opnar likevel for at store kommunar får eit større handlingsrom og stå friare til å strukturera tenesta. Om Bjørnafjorden sat att med og fekk støtte til ein sentral, vil ein i tillegg få utteljing for folketaket. Slik departementet skriv vil desse kommunane i større grad få høve til å utvikla sentralane sine etter lokale ønske og prioriteringar. Dette alternativet kan òg vera eit insitament til å få færre, men sterkare sentralar. Modell 4 opnar òg for ein diskusjon om fordelingsnøkkel og fordeling av statstilskot internt mellom dei to sentralane i Bjørnafjorden. Skal ei slik fordeling skje etter folketal, eller andre prinsipp?

Modell 1 med fast tilskot er det klart enklaste å forhalda seg til og som gjev vest utteljing med noverande struktur i Bjørnafjorden. Då får kommunane eit fast tilskot per sentral som ukorta skal gå vidare til sentralane. Samstundes er ordninga ei stimulering for ein desentralisert struktur som vi har per i dag i Bjørnafjorden. For begge alternativa gjeld det at vi lokalt må framskaffast ei eigenfinansiering på 40%, slik det òg er i dag.

Kravet i forskrifta om gratis utlån av frivilligsentralen sine lokaler bør vera uproblematisk. Os frivilligsentral held hus i Det gamle kommunehuset og lokale organisasjonar nyttar huset gratis i dag. Fusa frivilligsentral har ikkje på same måte tilgang på møte- og forsamlingsrom i eigen regi. Då må ein eventuelt sjå bruken av Bruktbua sine lokale.

Konklusjon

Bjørnafjorden formannskap meiner det er viktig at frivilligsentralane i Noreg får føreseielege og fasatlagte rammevilkår i form av ei oppdatert forskrift. Frivilligsentralane er viktige møteplassar og aktivitetsskaparar i nærmiljøa våre.

Med bakgrunn i innspel frå styra i frivilligsentralane i kommunen meiner vi at modell 1 er den beste for framtida. Modellen tryggar tilbodet i mindre kommunar og gjev trygge økonomiske rammer for drifta.

Vedlegg:

OBS - retting av formulering i høyringsnotat. 21/3571 Høyring - forskrift for tilskot til frivilligsentralar

Høyringsnotat, forskrift for tilskot til frivilligsentralar, 20.08.21

Høyringssvar frå Norges frivilligsentralar

Høyringsuttale frå Fusa frivilligsentral

Bjørnafjorden, 08.10.2021

Erik Vangsnes
Kultursjef

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP

Møtedato: 21.10.2021**Møtestad:** Nye formannskapsalen 3. et.**Møtetid:** 09:00 - 15:34**Behandla saker:** 118-133/2021

Møteleiar:	Parti
Trine Lindborg	Ap

Møtedeltakarar:	Parti:
Asle Olsen	SV
Bjarte Samnøy	KrF
Eirik Andre Hesthamar	FrP
Gustav Bahun	FrP
Harald Franz Lekven	Uavh
Laila Marie Reiertsen	FrP
Linda Kjosaa	Ap
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Mikal Leigland	SP
Tore Kleppe	FrP
Trine Lindborg	Ap

Forfall meldt frå følgjande medl.:	Parti:
Espen Aspenes	Frp
Terje Søviknes	Frp
Tina Bøe Buer	MDG

Følgjande varamedl. møtte:	Parti:
Asle Olsen	SV
Eirik Andre Hesthamar	Frp
Gustav Bahun	Frp
Linda Kjosaa	Ap
Tore Kleppe	Frp

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Christian Fredrik Fotland, kommunalsjef for helse og velferd Monica Totland Melvold, kommunalsjef for oppvekst Line Rye, kommunalsjef for samfunnsutvikling Torgeir Sæter, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, kontorsjef Andris Hamre, prosjektsjef Grete Nesheim, pleie- og omsorgssjef Gro Elisabeth Almås, kultursjef Erik Vangsnes, juridisk rådgivar på Samfunnsutvikling Elisabeth

Totland, formannskapssekretær Elisabeth Farstad, utvalssekretær Elisabeth Vinje Nydal.

Orientering:

Elisabeth Totland i sak 120/2021

Jon Sivert Rykkel, Christian Fotland og styreleiar

i Bjørnafjorden utviklingsselskap AS Dag Aksnes i sak 125/2021

Christian Fotland i sak 128/2021

Møteprotokoll vert elektronisk godkjend i påfølgjande møte.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr./Tittel	Side
118/2021	21/7315 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste	
119/2021	21/7315 Orientering om covid-19	
120/2021	21/3540 120/156 mfl. Tollaneset. Vidare prosess for framforhandla utbyggingsavtale mellom utbygger og tidlegare Fusa kommune.	
121/2021	21/1485 Avkastningsrapport pr. august 2021	
122/2021	21/3829 2 tertialrapport 2021	
123/2021	21/6459 Høyringsuttale - forskrift for tilskot til frivilligsentralar	
124/2021	21/7613 Kommunedelplan vassforsyning og avløp 2022 - 2034 - orientering om oppstart	
125/2021	21/7315 Næringslivets kvarter	
126/2021	21/7473 Heildøgns omsorgsplassar for eldre fram mot 2030	
127/2021	21/6429 Plan mot vald i nære relasjonar	
128/2021	21/1664 Vurdering av eigedom som kan selgast - status	
129/2021	21/300 Planar og framtid for Fjellheim	
130/2021	21/6485 Søknad om tilskot til idrettsbygg - Os Turnforening	
131/2021	20/15445 Søknad om tilskot til KODE og Museet Lysøen	
132/2021	21/7746 Søknad vinterbelysning Os sentrumsforening	
133/2021	21/7315 Politisk kvarter	

118/2021 - GODKJENNING AV INNKALLING, MØTEPROTOKOLL OG SAKLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 02.09.2021 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 118/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Behandling:

Møtet blei sett klokka 09.03.

Ordførar Trine Lindborg ønskte velkomen til tok namneopprop. Det er tre forfall til møtet frå Terje Søviknes og Espen Aspenes, Frp, og frå Tina Bøe Buer, MDG. For Søviknes og Aspenes møtte høvesvis Eirik Andre Hesthamar og Gustav Bahus, begge Frp, og for Bøe Buer møtte Linda Kjosaas, Ap, som vararepresentantar.

Det var ingen merknadar til innkalling og protokoll.

Til sakslista.

Representanten Eirik Andre Hesthamar etterlyste Bjørnafjorden 22. Ordførar svara at arbeidet med dette prosjektet kjem under tertialrapporten. Ho orienterte også om at orientering om Covid-19 ikkje vil vere fast sak framover.

Det er ei habilitetsvurdering i sak 130/2021, og ordførar bad om at denne saka blir behandla før klokka 10. Under Næringslivets kvarter er styreleiar i Bjørnafjorden utviklingsselskap (BUS), Dag Aksnes, invitert til å møta formannskapet. Han kjem klokka 13.00. Sakslista blei godkjend med desse endringane.

Sakene blei forhandla med følgande rekkefølge:

Sak 118-121/2021
Sak 130/2021
Sak 122-124/2021
Sak 126-128/2021
Sak 125
Sak 129
Sak 131-133/2021

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 02.09.2021 blei godkjend.
Sakslista blei godkjend med endringane frå ordførar.

119/2021 - ORIENTERING OM COVID-19

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

Behandling og vedtak i sak 119/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Behandling:

Saka blei ikkje behandla.

Vedtak:

Saka blei ikkje behandla.

120/2021 - 120/156 MFL. TOLLANESET. VIDARE PROSESS FOR FRAMFORHANDLA UTBYGGINGSAVTALE MELLOM UTBYGGAR OG TIDLEGARE FUSA KOMMUNE.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommune går ikkje i vidare forhandlingar med Tollaneset Eigedom AS om utbyggingsavtale som er framforhandla av Fusa kommune om opparbeiding av ny offentlig infrastruktur knytt til utbygging av Tollaneset i Eikelihoodsosen.

Behandling og vedtak i sak 120/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahu, Fremskrittspartiet**120/156 mfl. Tollaneset. Vidare prosess for utbyggingsavtale mellom utbyggjar og Bjørnafjorden kommune.**

Bjørnafjorden kommune meiner det er viktig at utbyggingsavtalar som vert utarbeidd er harmonisert og så like som mogeleg i like tilfelle over heile kommunen. Det er viktig med utvikling i Eikelihoodsosen på lik linje som alle andre stader i kommunen.

Bjørnafjorden kommune går i forhandlingar med Tollaneset Eigedom AS om ny utbyggingsavtale knytt til utbygging av Tollaneset i Eikelihoodsosen.

Framlegg til vedtak frå Trine Lindborg, Arbeidarpartiet**Alternativ framlegg til vedtak**

Bjørnafjorden kommune ønskjer å leggje til rette for god samfunnsutvikling og utbygging i heile kommunen. Med dette perspektivet ber ein ordførar og administrasjon etablere dialog og eventuelle nye forhandlingar med Tollaneset Eigedom AS for å sjå på korleis prosjektet kan realiserast

Framlegg til vedtak frå Trine Lindborg, Arbeidarpartiet**Nytt alternativt framlegg til vedtak**

Bjørnafjorden kommune ønskjer å leggje til rette for god samfunnsutvikling i heile kommunen. Med dette perspektivet ber ein ordførar og administrasjon etablere dialog og ta initiativ til nye forhandlingar med Tollaneset Eigedom AS. Tidlegare dialog og forhandlingar om utbyggingsavtale mellom Fusa kommune og Tollaneset Eigedom AS er ikkje gjeldande. Ein startar saka på ny for å sjå på korleis prosjektet kan realiserast. Det er viktig at utbyggingsavtalar vert harmonisert for Bjørnafjorden kommune.

Behandling:

Representanten Gustav Bahu, Frp, fremja eit alternativt framlegg til vedtak.

Ordførar Trine Lindborg, Ap, fremja også et alternativt framlegg til vedtak.

Representanten Gustav Bahu, Frp, bad om eit gruppemøte før formannskapet går til votering.

Juridisk rådgivar Elisabeth Totland frå fagstab Samfunnsutvikling orienterte om arbeidet med utbyggingsavtalar.

Møtet blei midlertidig heva for gruppemøte klokka 09.20. Møtet blei sett att klokka 09.47.

Ordførar Lindborg fremja eit nytt fellesframlegg frå formannskapet, og dei tidlegare forslaga blei trekt.

Votering

Fellesframlegget blei sett opp mot kommunedirektøren sitt forslag til vedtak. Fellesframlegget blei samrøystes vedtatt.

Representanten Gustav Bahus, Frp, søkte om og fekk innvilga permisjon frå klokka 14.00. Tore Kleppe, Frp, blei kalla inn som vararepresentant.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune ønskjer å leggje til rette for god samfunnsutvikling i heile kommunen. Med dette perspektivet ber ein ordførar og administrasjon etablere dialog og ta initiativ til nye forhandlingar med Tollaneset Eigedom AS. Tidlegare dialog og forhandlingar om utbyggingsavtale mellom Fusa kommune og Tollaneset Eigedom AS er ikkje gjeldande. Ein startar saka på ny for å sjå på korleis prosjektet kan realiserast. Det er viktig at utbyggingsavtalar vert harmonisert for Bjørnafjorden kommune.

121/2021 - AVKASTNINGSRAPPORT PR. AUGUST 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar Avkastningsrapport pr. august 2021 frå Gabler Investment Consulting AS til orientering.

Behandling og vedtak i sak 121/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar Avkastningsrapport pr. august 2021 frå Gabler Investment Consulting AS til orientering.

122/2021 - 2 TERTIALRAPPORT 2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar 2 tertialrapport 2021 til orientering.
2. Det blir gjort slike tilleggsløyvingar vedr Covid-19 for 2. tertial 2021:

Fellesområde/folkevalde organ:	53 000
Sektor Stab:	134 000
Sektor Oppvekst:	1 369 000
Sektor Helse og velferd:	13 000 000
Sektor Samfunnsutvikling:	705 000
Sum	15 261 000

Finansiering:	
Auka rammetilskot vedr Covid-19:	4 646 000
Auka rammetilskot vedr vaksining	3 517 000
Skjønstilskot frå statsforvaltaren vedr Covid-19:	5 600 000
Fond avsett til Covid-19	<u>1 498 000</u>
Sum	15 261 000

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å kompensere sektorane for utgifter til Covid-19 i 3. tertial 2021 ved bruk av ev. auka rammetilskot/avsette fondsmidlar vedr Covid-19.
4. Det blir gjort slike omfordelingar i budsjettrammene for 2021:

	<u>Auka ramme</u>	<u>Redusert ramme</u>
Sektor Samfunnsutvikling: BUA midlar	100 000	
Sektor Helse og velferd: BUA midlar		100 000
Sektor Stab: Læringar		300 000
Sektor Oppvekst: Læringar	200 000	
Sektor Samfunnsutvikling: Læringar	100 000	
Sektor Stab: Husleige Fjord' senter		727 000
Sektor Oppvekst: Husleige Fjord' n senter	443 000	
Sektor Helse og velferd: Husleige Fjord'n senter	284 000	
Sektor Helse og velferd: Basistilskot fastlegar, RNB	350 000	
Sektor Oppvekst: Kapitaltilskot priv barnehagar, RNB	647 000	
Auka rammetilskot, revidert nasjonalbudsjett (RNB)		997 000
Sum	2 124 000	2 124 000

5. Det blir gjort slik auke av budsjettrammene i samband med årets lønsoppgjer:

Fellesområde/folkevalde organ:	517 000
Sektor Stab:	1 283 000
Sektor Oppvekst:	10 866 000
Sektor Helse og velferd:	1 869 000
Sektor Samfunnsutvikling:	<u>1 465 000</u>
Sum	16 000 000
Finansiering:	
Fellesområde: Avsett til årets lønsoppgjer	16 000 000

6. Det blir gjort slike endringar i investeringsbudsjettet for 2021:

Prosjekt nr	prosjekt	Auka beløp	Redusert beløp
2000	Hjelpemiddelsentral - lager		7 000 000
2010	Bufellesskap		13 000 000
2300	Jettegryta barnehage		20 000 000
2296	Lysekloster barnehage	2 000 000	
3760	Kjøkenløsning		7 000 000
4020	Liv i Bjørnafjorden		6 000 000
4070	Flaumsikring Sævareid og Strandvik		1 500 000
4700	Veg Revne		1 200 000
6020	Kjøp av tomter og bygg	3 000 000	
6030	Prosjektering utbyggingsområder		1 500 000
6035	Oppgradering rådhuset	1 300 000	
7261	Parkering i fjell		1 000 000
7242	Stallabrotvegen		2 000 000
7270	Trafikksikring av vegar		6 000 000
8110	VA anlegg ny vei Åsen		20 000 000
9000	Avlaupsprosjekt		5 000 000
9100	OHARA (sentralrenseanlegg kloakk		14 000 000
	SUM	6 300 000	105 200 000
	Redusert lån/mva kompensasjon	98 900 000	
	SUM	105 200 000	105 200 000

Behandling og vedtak i sak 122/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 130/2021.

Møtet blei sett att 10.22.

Kommunedirektør Christian Fotland og økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas svara på spørsmål frå representantane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar 2 tertialrapport 2021 til orientering.
2. Det blir gjort slike tilleggsløyvingar vedr Covid-19 for 2. tertial 2021:

Fellesområde/folkevalde organ:	53 000
Sektor Stab:	134 000
Sektor Oppvekst:	1 369 000
Sektor Helse og velferd:	13 000 000
Sektor Samfunnsutvikling:	705 000
Sum	15 261 000

Finansiering:	
Auka rammetilskot vedr Covid-19:	4 646 000
Auka rammetilskot vedr vaksining	3 517 000
Skjønstilskot frå statsforvaltaren vedr Covid-19:	5 600 000
Fond avsett til Covid-19	<u>1 498 000</u>
Sum	15 261 000

3. Kommunedirektøren får fullmakt til å kompensere sektorane for utgifter til Covid-19 i 3. tertial 2021 ved bruk av ev. auka rammetilskot/avsette fondsmidlar vedr Covid-19.
4. Det blir gjort slike omfordelingar i budsjetttrammene for 2021:

	<u>Auka ramme</u>	<u>Redusert ramme</u>
Sektor Samfunnsutvikling: BUA midlar	100 000	
Sektor Helse og velferd: BUA midlar		100 000
Sektor Stab: Lærlingar		300 000
Sektor Oppvekst: Lærlingar	200 000	
Sektor Samfunnsutvikling: Lærlingar	100 000	
Sektor Stab: Husleige Fjord' senter		727 000
Sektor Oppvekst: Husleige Fjord' n senter	443 000	
Sektor Helse og velferd: Husleige Fjord'n senter	284 000	
Sektor Helse og velferd: Basistilskot fastlegar, RNB	350 000	
Sektor Oppvekst: Kapitaltilskot priv barnehagar, RNB	647 000	
Auka rammetilskot, revidert nasjonalbudsjett (RNB)		997 000
Sum	2 124 000	2 124 000

5. Det blir gjort slik auke av budsjetttrammene i samband med årets lønsoppgjer:

Fellesområde/folkevalde organ:	517 000
Sektor Stab:	1 283 000
Sektor Oppvekst:	10 866 000
Sektor Helse og velferd:	1 869 000
Sektor Samfunnsutvikling:	<u>1 465 000</u>
Sum	16 000 000
Finansiering:	
Fellesområde: Avsett til årets lønsoppgjer	16 000 000

6. Det blir gjort slike endringar i investeringsbudsjettet for 2021:

Prosjekt nr	prosjekt	Auka beløp	Redusert beløp
2000	Hjelpemiddelsentral - lager		7 000 000
2010	Bufellesskap		13 000 000
2300	Jettegryta barnehage		20 000 000
2296	Lysekloster barnehage	2 000 000	
3760	Kjøkenløysing		7 000 000
4020	Liv i Bjørnafjorden		6 000 000
4070	Flaumsikring Sævareid og Strandvik		1 500 000
4700	Veg Revne		1 200 000
6020	Kjøp av tomter og bygg	3 000 000	
6030	Prosjektering utbyggingsområder		1 500 000
6035	Oppgradering rådhuset	1 300 000	
7261	Parkering i fjell		1 000 000
7242	Stallabrotvegen		2 000 000
7270	Trafikksikring av vegar		6 000 000
8110	VA anlegg ny vei Åsen		20 000 000
9000	Avlaupsprosjekt		5 000 000
9100	OHARA (sentralrenseanlegg kloakk		14 000 000
	SUM	6 300 000	105 200 000
	Redusert lån/mva kompensasjon	98 900 000	
	SUM	105 200 000	105 200 000

123/2021 - HØYRINGSUTTALE - FORSKRIFT FOR TILSKOT TIL FRIVILLIGSENTRALAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden formannskap meiner det er viktig at frivilligsentralane i Noreg får føreseieleg økonomi og fastlagte rammevilkår i form av ei oppdatert forskrift. Frivilligsentralane er viktige møteplassar og aktivitetsskaparar i nærmiljøa våre.

Med bakgrunn i innspel frå styra i frivilligsentralane i kommunen, meiner formannskapet at modell 1 for framtidig finansiering, er den beste. Modellen tryggar tilbodet i mindre kommunar og gjev føreseielege økonomiske rammer for drifta.

Behandling og vedtak i sak 123/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Framlegg til vedtak frå Marie Elisabeth Lunde Bruarøy, Høgre Tilleggsframlegg (H)

Modell 1 er òg den modellen som er minst byråkratisk.

Behandling:

Kultursjef Erik Vangsnes svara på spørsmål frå representantane.

Representanten Marie Bruarøy, H, fremja eit tilleggsframlegg.

Votering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Tillegget frå H blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden formannskap meiner det er viktig at frivilligsentralane i Noreg får føreseieleg økonomi og fastlagte rammevilkår i form av ei oppdatert forskrift. Frivilligsentralane er viktige møteplassar og aktivitetsskaparar i nærmiljøa våre.

Med bakgrunn i innspel frå styra i frivilligsentralane i kommunen, meiner formannskapet at modell 1 for framtidig finansiering, er den beste. Modellen tryggar tilbodet i mindre kommunar og gjev føreseielege økonomiske rammer for drifta. Modell 1 er òg den modellen som er minst byråkratisk.

124/2021 - KOMMUNEDPLAN VASSFORSYNING OG AVLØP 2022 - 2034 - ORIENTERING OM OPPSTART

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir teken til orientering.

Behandling og vedtak i sak 124/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Behandling:

Prosjektsjef Grete Nesheim svara på spørsmål frå representantane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Saka blir teken til orientering.

125/2021 - NÆRINGSLIVETS KVARTER

Behandling og vedtak i sak 125/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 127/2021.

Møtet blei sett att klokka 13.06.

Kst. næringssjef Jon Sivert Rykkel orienterte om arbeidet i Næringsavdelinga. Presentasjonen ligg ved saka.

Kommunedirektør Christian Fotland orienterte om arbeidet med Samnøy næringspark. Formannskapet fekk møte styreleiar i Bjørnafjorden utviklingsselskap AS (BUS) Dag Aksnes, som snakka litt om seg sjølv og arbeidet i dette selskapet. Formannskapet er eigarmøte for BUS AS.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Behandling og vedtak i sak 126/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Framlegg til vedtak frå Trine Lindborg, Arbeidarpartiet

Framlegg til vedtak

Formannskapet tek saka til orientering. Saksframlegget vil danna eit grunnlag for vidare handsaming i budsjettbehandlinga.

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 124/2021.

Møtet blei midlertidig heva klokka 11.01. Møtet blei sett att klokka 11.06.

Kommunalsjef for helse og velferd Monica Totland Melvold svara på spørsmål frå representantane.

Ordførar Trine Lindborg, Ap, fremja eit framlegg til fellesframlegg som blei samrøystes vedtatt.

Møtet bli midlertidig heva klokka 11.30.

Vedtak:

Formannskapet tek saka til orientering. Saksframlegget vil danna eit grunnlag for vidare handsaming i budsjettbehandlinga.

127/2021 - PLAN MOT VALD I NÆRE RELASJONAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tenesteutvalet tek saka til orientering

Behandling og vedtak i sak 127/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Behandling:

Møtet blei sett att klokka 12.00.

Kommunalsjef Monica Totland Melvold svara på spørsmål frå representantane.

Administrasjonen noterte seg innspel til vidare omarbeiding av saka.

Vedtak:

Formannskapet tar saka til orientering med følgande innspel som kom fram i møtet:

- Det er viktig at planen tar opp i seg ulike relasjonar.
- Kvifor er ikkje pårørande er nemnt i planen? Dei er ofte ein viktig ressurs og kan bidra i oppfølginga.
- Planen definerer psykisk og fysisk vald. Kva med sosial kontroll, som kanskje er eit utbreidd problem i samfunnet?
- Kulturelle forskjellar – korleis sikre forankring til ulike grupper i kommunen
- Definisjonar på grupper planen gjeld for er for vide. Planen burde tatt inn over seg ein

- større differensiering i aldersgruppene
- Planen bør ha eit ekstra fokus på demente brukarar og andre særleg utsette grupper.
- Målgruppene bør bli innarbeidd i satsingsområda.

128/2021 - VURDERING AV EIGEDOM SOM KAN SELGAST - STATUS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden formannskap tar status om sal av kommunal eigedom til etterretning.

Behandling og vedtak i sak 128/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahus, Fremskrittspartiet

Vurdering av eigedom som kan selgast - status

Bjørnafjorden formannskap tar status om sal av kommunal eigedom til orientering. Bjørnafjorden formannskap tykkjer det har teke svært lang tid å klargjera tomtar og eigedomar for sal etter eit vedtak for over eitt år sidan. Formannskapet ber om at Eigedomsutvalet snarast vert kopla på prosessen med mål om å få omsett eigedomane snarare og til god pris.

Behandling:

Kommunedirektør Christian Fotland orienterte.

Juridisk rådgivar og eigedomsforvaltar Terje Lågeide svara på spørsmål.

Representanten Gustav Bahus, Frp, fremja eit alternativt framlegg til vedtak.

Votering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei sett opp mot Frp sitt framlegg.

Frp sitt framlegg fekk 5 stemmer frå Frp, H og Krf og blei vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva klokka 13.00.

Vedtak:

Bjørnafjorden formannskap tar status om sal av kommunal eigedom til orientering. Bjørnafjorden formannskap tykkjer det har teke svært lang tid å klargjera tomtar og eigedomar for sal etter eit vedtak for over eitt år sidan. Formannskapet ber om at Eigedomsutvalet snarast vert kopla på prosessen med mål om å få omsett eigedomane snarare og til god pris.

129/2021 - PLANAR OG FRAMTID FOR FJELLHEIM

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ut i frå den svært vanskelege økonomiske situasjonen for Bjørnafjorden kommune er det uråd å prioritera Fjellheim både når det gjeld investering og drift.

I gjeldande reguleringsplan for Os sentrum er eigedomen der Fjellheim står avsett til bustadformål, med den føresetnad at ståande bygningar vert rivne.

Med slik grunngjeving vert Fjellheim og vaktmeisterbustad vedtatt rivne.

**Framlegg til vedtak frå Harald Franz Lekven, Uavhengig
Forslag til vedtak.**

Bjørnafjorden kommune har store økonomiske utfordringar i åra som kjem og har soleis ,på kort sikt, ikkje høve til store investeringar på «ikkje naudsynte» prosjekt.

Partia som i dag sit i posisjon har alle gått til val på å arbeida for å bevare Fjellheim og må stå med sine valgløfte til velgjarane.

Kommunen vil på nytt ta kontakt med potensiell/e privat/e aktørar med føremål å leiga ut Fjellheim til kulturføremål. Foreininga Bevar Fjellheim, som i si tid samla inn 4000 underskrifter for bevaring av kulturbygget og utrøtteleg har arbeid for bygget kan, om mogleg, takast med i eit slikt mellombels prosjekt.

**Framlegg til vedtak frå Harald Franz Lekven, Uavhengig
Forslag til vedtak frå Harald Lekven, Ap, Sp og Krf**

Bjørnafjorden Formannskap ønsker at Fjellheim skal nyttas til kulturformål/lavterskel tilbod. Bygget ønskes leigd ut til personar eller organisasjonar som oppfyller desse ønska. Bygget vert utleigd slik det er i dag. Naudsynte oppgraderingar påkviler leigetakar. Vi opnar for langtidsleie.

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 125/2021.

Representanten Harald Lekven, Uavh, fremja eit alternativt framlegg til vedtak.

Ordførar Trine Lindborg, Ap, signaliserte ønske om eit gruppemøte før ein går til votering.

Representanten Gustav Bahun, Frp, fekk permisjon frå møtet og blei erstatta av Tore Kleppe, Frp, som vararepresentant.

Kommunedirektør Christian Fotland og kommunalsjef for samfunnsutvikling Torgeir Sæter svara på spørsmål frå representantane.

Møtet blei midlertidig heva for gruppemøte klokka 14.14. Møtet blei sett att klokka 14.51.

Kommunedirektør Fotland gjorde merksam på at det ligg føringar på kommunen som byggeigar med tanke på utleige.

Representanten Harald Lekven, Uavh, trekte sitt opphavlege framlegg til vedtak og fremja eit nytt fellesframlegg på vegner av han sjølv, Ap, Sp og Krf.

Votering

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 4 stemmer frå Frp og H og fall.

Forslaget frå Lekven blei vedtatt med 5 stemmer frå Ap (2), Sp, Krf og Harald Lekven, Uavh.

Gustav Bahun kom tilbake i møtet, og Tore Kleppe gjekk frå møtet.

Vedtak:

Bjørnafjorden formannskap ønsker at Fjellheim skal nyttas til kulturformål/lågterskeltilbod. Bygget ønskes leigd ut til personar eller organisasjonar som oppfyller desse ønska. Bygget vert utleidd slik det er i dag. Naudsynte oppgraderingar påkviler leigetakar. Vi opnar for langtidsleie.

130/2021 - SØKNAD OM TILSKOT TIL IDRETTSBYGG - OS TURNFORENING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden formannskap vurderer Os Turnforening sin søknad om tilskot til nytt idrettsbygg på Kuventræ, og vedtek sum for evt. tilskot. Løyve om evt. tilskot vert tilført frå formannskapet sitt disposisjonsfond.

Behandling og vedtak i sak 130/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahus, Fremskrittspartiet

Søknad om tilskot til idrettsbygg - Os Turnforening

Bjørnafjorden formannskap har vurdert Os Turnforening sin søknad om tilskot til nytt idrettsbygg på Kuventræ, og vedtek kroner 500.000,- i tilskot. Løyve om tilskot vert tilført frå formannskapet sitt disposisjonsfond.

Framlegg til vedtak frå Marie Elisabeth Lunde Bruarøy, Høgre

Tilleggs punkt (H)

Tilskot vert gjeve med vilkår om at toalettfasilitetar og varmestove vert tilgjengeleg ved kommunale arrangement.

Framlegg til vedtak frå Linda Kjosaas, Arbeidarpartiet

Søknad om tilskot til idrettsbygg - Os Turnforening

Bjørnafjorden formannskap har vurdert Os Turnforening sin søknad om tilskot til nytt idrettsbygg på Kuventræ, og vedtek kroner 250.000,- i tilskot. Løyve om tilskot vert tilført frå formannskapet sitt disposisjonsfond.

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 121/2021.

Representanten Mikal Leigland har bede om ei habilitetsvurdering. Han gjorde greie for grunnlaget, som er at Leigland bygg As er ein av Os Turn sine hovudsponsorar, og selskapet er i tillegg involvert i byggeprosessen. Han gjekk frå møtet.

Vurderinga frå juridisk rådgivar er at Leigland er ikkje part i saka, men har økonomiske interesser som leverandør og interesser som sponsor. Vedtak i saka vil innebera særleg fordel, tap eller ulempe for nokon han/selskapet hans har forretningsmessig tilknytning til og også for han/selskapet hans. Det ligg føre særskilte grunnar som er eigna til å svekka tilliten til representanten sin upartiskheit, og ut frå ei totalvurdering er han inhabil etter forvaltningslova §6. 2. ledd.

Formannskapet slutta seg til dette.

Asle Olsen, SV, møtte som vararepresentant for Leigland.

Representanten Gustav Bahus, Frp, fremja eit forslag om eit tilskot på 500.000 kroner.

Representanten Linda Kjosaas, Ap, fremja eit alternativt forslag til tilskot på 250.000 kroner.

Representanten Marie Bruarøy, H, fremja eit tilleggsforslag om toalettfasilitetar.

Votering

Framlegget til Frp fekk 4 stemmer frå Frp og H og fall. Framlegget frå Ap fekk 6 stemmer frå Ap (2), Sp, Krf, H og Uavh og blei vedtatt.

Framlegget frå H blei samrøystes vedtatt.

Asle Olsen, SV, gjekk frå møtet, og Mikal Leigland kom tilbake i møtet.

Møtet blei midlertidig heva klokka 10.13.

Vedtak:

Bjørnafjorden formannskap har vurdert Os Turnforening sin søknad om tilskot til nytt idrettsbygg på Kuventræ, og vedtek kroner 250.000,- i tilskot. Løyve om tilskot vert tilført frå formannskapet sitt disposisjonsfond.

Tilskot vert gjeve med vilkår om at toalettfasilitetar og varmestove vert tilgjengeleg ved kommunale arrangement.

131/2021 - SØKNAD OM TILSKOT TIL KODE OG MUSEET LYSØEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre meiner det er gledeleg at *KODE kunstmuseer og komponisthjem* har lukkast med å få finansiert ei større restaurering av Ole Bull sin villa på Lysøya. Bjørnafjorden kommune ønsker å halda fram med å følgja opp kommunevertskapsrolla i dialog med museet for vidare utvikling av eigedomen.

Den vanskelege økonomiske situasjonen Bjørnafjorden kommune står i, gjer at det er uråd å prioritera direkte tilskot til drift av eigedomen på Lysøya dei komande åra. Kommunen har heller ikkje kapasitet til å ta på seg vedlikehaldsansvar for parkanlegget, slik det vart søkt om i 2020.

Av økonomiske årsaker kan kommunen ikkje stetta søknaden frå juni 2021 fullt ut. Bjørnafjorden kommune vil likevel å imøtekoma del av søknaden som gjeld tilskot til publikumstolett i vila og kafé, med ei eingangsløyving på kroner 500.000.

Tilskotet blir dekkja av kommunestyret sitt disposisjonsfond: konto 2 5600 007

Behandling og vedtak i sak 131/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 129/2021.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre meiner det er gledeleg at *KODE kunstmuseer og komponisthjem* har lukkast med å få finansiert ei større restaurering av Ole Bull sin villa på Lysøya. Bjørnafjorden kommune ønsker å halda fram med å følgja opp kommunevertskapsrolla i dialog med museet for vidare utvikling av eigedomen.

Den vanskelege økonomiske situasjonen Bjørnafjorden kommune står i, gjer at det er uråd å prioritera direkte tilskot til drift av eigedomen på Lysøya dei komande åra. Kommunen har heller ikkje kapasitet til å ta på seg vedlikehaldsansvar for parkanlegget, slik det vart søkt om i 2020.

Av økonomiske årsaker kan kommunen ikkje stetta søknaden frå juni 2021 fullt ut. Bjørnafjorden kommune vil likevel å imøtekoma del av søknaden som gjeld tilskot til publikumstolett i vila og kafé, med ei eingangsløyving på kroner 500.000.

Tilskotet blir dekket av kommunestyret sitt disposisjonsfond: konto 2 5600 007

132/2021 - SØKNAD VINTERBELYSNING OS SENTRUMSFØRENING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommune imøtekjem ikkje søknaden frå Os Sentrumsforening om støtte til vinterlys

Behandling og vedtak i sak 132/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahun, Fremskrittspartiet

Søknad vinterbelysning Os sentrumsforening

Av økonomiske årsaker kan kommunen ikkje stetta søknaden fullt ut. Bjørnafjorden kommune vil likevel å imøtekoma del av søknaden med ei eingangsløyving på kroner 300.000,-

Tilskotet blir dekket av kommunestyret sitt disposisjonsfond: konto 2 5600 007

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahun, Fremskrittspartiet

Søknad vinterbelysning Os sentrumsforening : endring av del av forslag ift finansiering

Tilskotet blir dekket av formannskapet sitt disposisjonsfond

Behandling:

Representanten Gustav Bahun, Frp, fremja eit framlegg om å løyva 300.000 kroner frå kommunestyret sitt disposisjonsfond. Han endra seinare dette til formannskapet sitt disposisjonsfond. Trine Lindborg (Ap) supplerte då at det var same sum som samarbeidspartia ville fremja, men at det måtte finansierast frå formannskapet sitt disposisjonsfond. Dette vart difor eit likt framlegg som Frp ved Gustav Bahun no hadde endra sitt framlegg til.

Det blei reist spørsmål om representanten Marie Bruarøy, H, sin habilitet. Ho gjorde greie for sitt forhold til sækjar, der ho er medlem, men ho opplever ikkje at hennar bedrift har fordel av tilskotet. Ho trekte seg frå behandlinga. Habiliteten blei vurdert opp mot forvaltningslova §6. 2. ledd knytt til særegne forhold som er eigna til å svekke tilliten til representantens sin upartiskheit.

Formannskapet kom til at Bruarøy var ugild til å behandle saka, og det var åtte stemmeføre representantar i møtet.

Votering

Fellesframlegget frå Frp blei samrøystes vedtatt.

Representanten Bruarøy kom tilbake til møtet.

Vedtak:

Av økonomiske årsaker kan kommunen ikkje stetta søknaden fullt ut. Bjørnafjorden kommune vil likevel å imøtekoma del av søknaden med ei eingangsløyving på kroner 300.000,-

Tilskotet blir dekket av formannskapet sitt disposisjonsfond.

133/2021 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 133/2021, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 21.10.2021

Framlegg til vedtak frå Laila Marie Reiertsen, Fremskrittspartiet

Eldreomsorg

Er den alvorlige hendinga frå i sommar på ein av våre institusjonar meldt til helsetilsynet?
Kan ein få ut ein oversikt over alle avvik frå 01.07 og fram til 01.10.2021 ved Luranetunet?
Kan ein få ut ein oversikt over alle overtidstimar pr. tilsett ved våre sjukeheimar?

SVAR: Nei. Hendinga skal ikkje meldast til helsetilsynet. Kommunen har plikt til å varsle til helsetilsynet om alvorlege hendingar som førte til /kunne ha ført til dødsfall eller betydeleg skade for pasient /brukar. Denne hendinga fekk ikkje slike konsekvensar. Ho er ikkje av ein slik karakter som kjem inn under varslingsregelen i helse- og omsorgstjenesteloven §12-3 a:

«Virksomheter som er omfatta av loven her, skal straks varsle Statens helsetilsyn om dødsfall eller svært alvorlig skade på pasient eller bruker som følge av tjenesteytelsen eller ved at annen pasient eller bruker skader en annen, jf. helsetilsynsloven § 6. Varslingsplikten gjelder dersom utfallet er uventet ut fra påregnelig risiko.»

Avvik frå 01.07 og fram til 01.10.2021 ved Luranetunet:

Radetiketter	Antall av Registrert
⊕ Anna	50
⊕ Avvik i samhandlinga med spesialisthelsetenesta	4
⊕ Brann/eksplosjon	5
⊕ Brukar på avveie/ rømming	4
⊕ Ernæring	2
⊕ Feil bemanning (utan ei hending)	8
⊕ Feil på utstyr/ feil bruk av utstyr	15
⊕ Feil ved utdeling / håndtering av medisinar	68
⊕ Hygiene/smittevern	4
⊕ Mangelfull sikring av fysisk miljø	2
⊕ Mangelfull/manglande opplæring (utan ei hending)	1
⊕ Pasient/brukarbehandling	32
⊕ Prosedyre ikkje fulgt (utan ei hending)	28
⊕ Truslar	5
⊕ Vald	21
⊕ (tom)	19
Totalsum	268

Overtidstimar

Vi kan ikkje gi ut oversikt pr tilsett, men kan sei at timane fordelar seg ulikt på dei tilsette frå 0,25 timar til 227 timar.

Tal på utbetalte overtidstimar på sjukeheimane våre hittil i år:
Samla 10 593 timar,

- 2 354 på Fusa bu- og behandlingssenter og
- 8 239 på Luranetunet bu- og behandlingssenter

Gjennomsnittleg 24,5 time pr tilsett.

Framlegg til vedtak frå Laila Marie Reiertsen, Fremskrittspartiet **Oppfølging av pårørende til andre enn dei med kreftdiagnose**

Ein veit at kommunen er god på oppfølging av pårørende barn/vaksne til dei som får ein kreftdiagnose. Men er ein god nok ovanfor dei som får andre alvorlege lidningar?

SVAR: Arbeidet kring treffpunkt og utviding av tilbodet til og å gjelde andre grupper, har dessverre stoppa noko opp grunna pandemien og sjukdom hos tilsette.

Tilbodet «treffpunkt» er no i gang igjen og det er stor pågang.

Avdeling helsefremming og rehabilitering er godt i gang med å planlegge utviding av tilbodet til også å omfatte andre pårørandegrupper. Eit tverrfagleg samansett team frå kommunen vil jobbe opp mot den utvida satsinga. Frivillige vil og kunne bli brukt og vil vere ein viktig ressurs i dette arbeidet saman med helsetenestene. Kreftkoordinator som har lang erfaring med pårørende arbeid vil vere rettlia for teamet.

Det er klarert at vi har eigna lokale til samlingane.

Målet er at det utvida tilbodet skal vere i gang i løpet av januar 22.

Framlegg til vedtak frå Laila Marie Reiertsen, Fremskrittspartiet **Bjørnafjorden kommune ein av verstingane !**

Viser til oppslag i BT onsdag 29.sept 2021. Der Bjørnafjorden kommune kjem særst dårleg ut på openheit. Pressens offentlegsutval har i samarbeid med Kommunal rapport har sendt inn to innsynskrav. Der ein nektar svar frå Bjørnafjorden kommune. Kven avgjorde at ein ikkje ville gje innsyn? Og er dette strategien for god åpenheitskultur i kommunen i framtida?

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahus, Fremskrittspartiet **Handlingsplan for sjølv mord, etterlysing.**

Det har dei siste åra vore fleire sjølv mord i kommunen vår. Bjørnafjorden kommunestyre vedtok i juni i 2020 å utarbeida ein "Handlingsplan for sjølv mord", denne skulle vore klar før sommarferien i år. Me er no komen i siste halvdel av oktober!

Når er denne ferdig, kan administrasjonen gje ein status på framdrifta?

SVAR: I vedtatt planstrategi står handlingsplanen oppført med ein oppstart i 2021 og den skal vere gjeldande i perioden 2021 – 2025. Dette er ein sektorovergripande plan, men ansvaret er lagt til Helse og velferd.

Arbeidsgruppa er godt i gang med arbeidet. Første høyringsutkast til handlingsplan prøver vi å få ferdig i løpet av nov mnd, med presentasjon for utvida referansegruppe 26. november.

Mål er at handlingsplanen skal ligge føre ved årsskifte.t

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahun, Fremskrittspartiet L/L Eikelandsfjorden Samfunnshus, eigarforhold på tomt 120/71

Underteikna har blitt kontakta av leiaren i Lutlaget som har beskrevet ein lang dialog med gamle Fusa kommune og no Bjørnafjorden om forholda rundt heimelshavar av tomta osv.

Det heile starta med ein brann i 1977, gjenoppbygging ca fire år seinare. Når no laget skal låna pengar til modernisering osv. treng dei heimelen på tomta.

I følgje det som leiaren opplyser skulle dette være ei enkel sak.

Etter kartverket sine opplysningar så skulle dette være enkelt å få på plass. Det var å få kommunen til å utstede eit skjøte på denne parsellen som i realiteten er samfunnshuset sin, og å gje konsesjonsfritak på parsellen da den er over 2 da. Er det noko i vegen for å utføre dette? Vil kommunedirektøren ta tak i saka å sjå på om denne snart 50år gamle floken let seg løysa?

SVAR: Fusa formannskap vedtok 19.02.1980 å frådele eigedom til L/L Eikelandsfjorden Samfunnshus. Ny eigedom oppretta ved frådelling 18.04.1980.

FORRETNINGER						
FORRETNINGSTYPE	BESKRIVELSE	AREAL(M ²)	REF.	FORR.DATO	REG.DATO	SAK
Kart- og delingsforretning	Opprett ny grunneiendom ved fradeling	2994		18.04.1980		
Kartforretning	Fullføring av midlertidig forretning DL	0	99/06	27.07.2017	27.07.2017	
Oppmålingsforretning	Kvalitetsheving for eksisterende matrikkelenhet	0		05.03.2018	08.03.2018	17/2
Oppmålingsforretning	Fullføring av midlertidig forretning DL	0		05.03.2018	08.03.2018	17/2
Omnummerering	Omnummerering v/kommuneendring	0		01.01.2020	01.01.2020	



Den frådelt egedomen skulle framleis være i kommunal eige. Laget skulle betale ei leige for grunn på kr 200,-.

Laget skulle vidare få rett til å pantsetje egedomen. Det var nok fullt mogleg å pantsetja i bygning på annan manns grunn i 1980. I dag vert det av bankane kravd eiga bruksnummer ev. festenummer. Leigeavtaler over ti år blir i praksis handsama som festeavtaler ved at dei ikkje kan tinglysast utan å få eige bruksnummer. Kva krav banken stiller er eit forhold mellom banken og laget.

Det er til informasjon etterspurt festeavtale frå kommunalt arkiv, då den ikkje finst i eiga arkiv grunna alder.

Når det gjeld tinglysing av festeavgift, kan det komme dokumentavgift. Dette kan føre til kostnader med å ordne formalitetane.

Behandling:

Representanten Laila Reiertsen, Frp, framførte sitt spørsmål om eldreomsorg. Kommunalsjef for helse og velferd Monica Totland Melvold svarta på spørsmålet. Svaret ligg saman med spørsmålet.

Reiertsen framførte sitt spørsmål om oppfølging av pårørande. Melvold svarta på spørsmålet. Svaret ligg saman med spørsmålet.

Reiertsen framførte sitt spørsmål om openheit. Kommunedirektør Christian Fotland svara på spørsmålet.

Han har sjekka kva som har skjedd. Det kom to svært likelydande innsynskrav same dag, og det frå Dagens næringsliv blei svara ut i detalj om arbeidsforhold på kommunedirektør og tidlegare ordførar. Same dag kom innsynskravet frå Kommunal Rapport om kommunedirektør og noverande ordførar. På grunn av ei misforståing mellom tre personar, blei Kommunal rapport sitt krav lukka i den tru at det allereie var svara opp. Generelt meiner kommunedirektøren at Bjørnafjorden kommune har svært gode rutinar på dette.

Representanten Gustav Bahus, Frp, framførte sitt spørsmål om sjølv mord. Kommunalsjef for helse og velferd Monica Totland Melvold svara på spørsmålet. Svaret ligg saman med spørsmålet.

Bahus framførte sitt spørsmål om L/L Eikelandsfjorden samfunnshus. Juridisk rådgivar og eigedomsforvaltar Terje Lågeide svara på spørsmålet.

Møtet bli heva klokka 15.34.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.